



Ein lett fottur frå Vossevangen gjennom idylliske Prestegardsmoen, over Vosso og til det dramatiske Bordalsgjelet.

An easy walk from Voss centre - Vossevangen - through idyllic Prestegardsmoen, over the little bridge, to Gjernes and the dramatic Bolstadgjelet gorge.



Bordalsgjelet.

Foto: Gunnar Bergo



Naturmiljø i Prestegardsmoen.

Rute og ymse av interesse

Terreng: Sti, asfalt og grusveg.
Tid: Ca. 2 timar

Vi startar fotturen ved Vangskyrkja (1). Steinkyrkja på Vangen stod ferdig i 1277. Noverande utforming fekk kyrkja under restaureringa 1948-53. Tyske fly bomba Vangen i 1940, men kyrkja stod att mest uskadd.

Route and places of interest

Terrain: Footpath, paved road, gravel road
Time: About 2 hours

You start the walk from Vangskyrkja (Vangs Church (1)). This stone church at Vangen was finished in 1277. The church was given its present form during restoration in 1848-1953. The church was unharmed during raids by German bombers in 1940.



Nede ved Vangsvatnet ligg eit minigolf-anlegg (2).

Vi skal gå bortover Prestegardsalleen, men tar gjerne ein avstikker til venstre for å sjå Olavskrossen(3). Segnet fortel at krossen vart reist av Olav den Heilage i år 1023. Den står nå som symbol for kristninga av Voss.

Vi skal følgja Prestegardsalleen vidare. Alleen, som vart planta i 1886, tar oss gjennom og forbi campingplassen med friluftsbad (4) og inn i sjølve Prestegardsmoen. Her dominerar 150 år gamle furutrær.

Vi kjem til eit skilt som viser til høgre og følgjer stien mot punkt (5). I dette parkområdet er det registrert 140 ulike fugleartar og 122 ulike planteslag. Stien snur mot venstre langs elvekanten og vi kjem tilbak til gangvegen ved Tintrabrua (6). Denne brua vart bygd i 1941. Tidlegare låg det tre husmannsplassar langs elva her.

Over brua og opp ein liten bakke kjem vi forbi Kunsthandverkskulen (8), den store, raude bygningen til høgre. Hit kom elevar frå heile landet, dei fekk opplæring i teikning, modellering, rosemåling og andre greiner som høyrer faget til.

Til venstre finn ein skilt til Troll Taral Museum. Museet ligg like ved elva Vosso og har ein utstilling av teikningar, reproduksjonar og illustrerte trykksaker av den velkjende «Troll Taral».

Vi skal vidare til høgre på hovudvegen og kjem etter nokre meter til eit skilt som viser til Dagestadmuseet. Opp ein bratt bakke er ein framme ved Magnus Dagestad sine samlingar. Det var og Magnus Dagestad som stod i brodden for Kunsthandverkskulen heilt fram til 1935.

Vi går vidare på hovudvegen forbi Gjernes skule og kjem til Gjernesbrua (10). På andre sida av brua er det til venstre tillaga stiar med utsiktspunkt og informasjonstavle om det dramatiske Bordalsgjelet (11). Dei store jettegrytene i gjelet vart laga under siste istid. Ei unik oppleving, men ha ikkje høgdeskrekk. Ver varsam!

Vi går same ruta attende til Voss sentrum.

Before we enter Prestegardsalleen, let us take a short detour to Olavskrossen, a stone cross about 150 metres east of Prestegardsalleen (3). The old saga has it that the cross was erected in 1023 by Olav the Holy. Olav's Cross stands as a symbol for the christening of Voss.

Walk through Prestegardsalleen (planted in 1886), past the camp site (4). Open air swimming facilities just behind the camping site, outdoor pool open from June to August.

Continue until you come to a signpost on your right and take this path further through the meadows. 150 year old pine trees dominate the landscape here. The longest path in the park leads to Grandane (5). 140 species of birds and 122 varieties of plant-life have been registered in the park.

Turn left with the river Vosso on your right hand until you arrive at Tintrabrua (Tintra bridge) (6). The footpath ends at Tintrabrua, built in 1941. In earlier times there were three coter's farms along the river bank here.

Cross the bridge and follow the road up the hill on your left. The College of Arts and Crafts is the large red building on the right (8). Students came from all over Norway to study drawing, modelling, decoration and other subjects in applied handicrafts.

To the left you will find a signpost to the Troll Taral Museum (7). The museum lies near the Vosso river and contains an exhibition of drawings, reproductions and illustrated works by the well known artist Troll Taral.

Turn right on the main road. On the left a few metres further on the main road, you will see the signpost to the Dagestad Museum (9). You walk up a steep hill to Magnus Dagestad's collection. Magnus Dagestad was the leading figure behind the College of Arts and Crafts until 1935.

Continue on the main road . You will pass Gjernes school on your right and then cross a bridge (10). Turn left and there is a narrow path leading to the viewpoint under the bridge where you can look down into deep gorges and wild, untouched scenery, potholes, caves and deep pools. A unique experience - if you're not afraid of heights. Take care, it can be dangerous.

Take the same route back to Voss centre.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandrvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.